



Tor Husebø
Øvredalsvegen 64
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/689 - 15/7985

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

22.04.2015

Referat frå hjortemøte på Frekhaug 21.04.2015.

Møtet fant stad 21.04. 2015 på rådhuset på Frekhaug.
Tilstade var representantar frå vald og Marius F. Knudsen frå Meland kommune. Tilstade var også Arve Aarhus frå Utmarksavdeling Vest.

Saksliste:

1. Presentasjon frå Arve Aarhus om prosjekt forvaltning av hjortebestand 2013-2017:
Meland kommune har vedtatt å gå vidare i prosjektet, og hadde difor invitert Arve Aarhus til å komma og fortelja om prosjektet. Det ble gjeve ein gjennomgang av bakgrunnen for prosjektet, om korleis dei ulike merkeprosjekta har vore nytta i lag med lokalkunnskap for å utarbeida dei ulike bestandsplanområdene. Meland er i bestandsplanområde i lag med Askøy, Radøy, Lindås, Austrheim og Fedje. Vidare vart godt i gjennom kva prosjektet skal ende opp med, korleis dei skal bidra i prosessen med bestandplanområda og fylje dei opp. Meland kommune er positive til prosjektet da det vil føre til ein meir riktig forvaltning av hjorten basert på hjortens arealbruk.
2. Oppsummering og erfaringar frå 2014, og tankar for jakta i 2015:
Det var i 2014 tildelt 196 fellingsløyver, og skutt 126 hjort. Dette gjev ein fellingsprosent på 64,3 % noko som er lågt. For å sjå på bestandsutviklinga vart resultatata frå jakta i 2014 samanlikna med dei siste ti åra. Det er klare teikn at bestanden har vorte redusert både i fellingsprosent og i tall felte dyr. Også utviklinga i sett hjort viser klare teikn til nedgang. Leiarane av valda meinte at det var mindre dyr, og at det er trong for å redusere talet løyver. Det vil bli lagt fram forslag å redusere fellingsløyva på alle vald i Meland kommune.
3. Ettersøk; både med og utan kunstig lys:
Det vart orientert meir om endringa som kom i fjor angående bruk av kunstig lys på ettersøk etter skada storvilt. Det vart understreka behovet for at alle varslingspartar blir varsla før ein kan nytta kunstig lys. Det vart gjeve ein kort orientering om endringane om ettersøk som kjem neste vår, det har vore noko diskusjon rundt endringane. Men dei vil ikkje medføra nokon praktiske endringar for jegerane. Kommunen minna samstundes om kravet om ettersøksplikt, og viktigheta med det.
4. Diverse; fellingsavgifter og Sett-hjort:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Frå og med 2015 skal valda ikkje lenger betale inn fellingsavgifta sjølve så snart jakta er over. Dei vi nå ta mot ein faktura frå kommunen. Dette for å gjere det enklare å holde oversikt over kven som har betalt og for å vere sikker på at ein nyttar riktig kontonummer.

Det var veldig bra at alle leverte sett hjort skjema i fjor, og at det er viktig informasjon som kjem på disse skjema. Det er veldig viktig at alt på skjema fyllast ut, viss ikkje lar ikkje informasjonen seg registrere. Dersom det er fleire som vil gå over til elektronisk registrering (Sett og skutt) kan dei kontakta kommunen som vil leggja inn felta.

5. Vidareformidling:

Kommunen viste til at det er viktig at all informasjon som kjem frå kommunen om ettersøks etc. så er det veldig viktig at det blir formidla frå valdleiarane til leiarane av jaktfelt og jegarar.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Mottakere:

Tor Husebø	Øvredalsvegen 64	5918	FREKHAUG
Terje Hilland	Skarpenesvegen 120	5918	FREKHAUG
Terje Erstad	Melandsvegen 260 A	5918	FREKHAUG
Steinar Sunnhordvik	Ådlandsvegen 333	5918	FREKHAUG
Sigve Eldøy	Lyngnesvegen 6	5917	ROSSLAND
Roar Sudmann	Flatøyvegen 34	5918	FREKHAUG
Jan Audun Sagstad	Indre Sagstad 47	5918	FREKHAUG
Helge Husebø	Kårbø 9	5917	ROSSLAND